

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Skiløparar,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Løset S.
Gnr.: 69.001

Datering: 1935-1938
Format: 6.0 x8.5 cm
Tilstand:
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955
Informant:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955

Personane på biletet er: Frå venstre Bjarne Løseth (f.1920). Anna Løseth Almeskar (f.1929), Olav Løseth (f.1914). I bakgrunnen Løvollgardane. Selbuvottar, ski og stavar er alle heimelaga. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Sel, seter,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Søvikstølen
Gnr.: 67.006

Datering: 1915-1918
Format: 10.5x6.0 cm
Tilstand:
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU

Fotograf: Ukjend
Eigar: Løseth, Jostein
Informant: Løseth, Jostein

Trygdefunksjonær f.1955
Trygdefunksjonær f.1955



Almeskar Søvik, ukjend. Framme: Nr. 1 Marie K. Søvik (f.1905) (lever enno i 2002). Marie byrja å gå på sætra i 11 -12 års alderen, og var budeie på Søvikstølen i minst 30 år. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00003

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Familie, gruppeU6,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Løset S.
Gnr.: 69.001

Datering: 1931-1931
Format: 8.5 x13.5cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955
Informant:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955

Fam. Johan og Berte Løseth. Frå venstre: Olav, Johan, Bjarne, Berte, Anna og Margit. Dei to eldste borna, Olga og Jenny var ikkje på biletet. I bakgrunnen Veslevatnet og Løvollgardane. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00004

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Sykkeltur, sykklar, portrettU2, menn,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Løvoll
Gnr.: 71.005

Datering: 1940-1945
Format: 6.0 x8.5 cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf: Løseth, Bjarne
Eigar: Løseth, Jostein
Informant: Løseth, Jostein

Gardbrukar	f.1920
Trygdefunksjonær	f.1955
Trygdefunksjonær	f.1955

Personane på biletet er frå venstre: Jørgen P. Almeskar (f.1924) og Sverre Almeskar (f.1920). I bakgrunnen Almeskar Gnr. 68.002. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***


FAKf-0551.00005

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Fiske, fjellørret,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Søvikstølen
Gnr.: 67.006

Datering: 1941-1941
Format: 6.0 x9.0 cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955
Informant:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955

Fisken er 42 cm. lang og vart fiska med oter i Simoskarvatnet på Kloksfjellet 20.07.1941. Fin fangst. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00006

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: PortrettU2, kvinne, jente, hund, løe,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Løset S.
Gnr.: 69.001

Datering: 1945-1946
Format: 6.0 x9.0 cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Løseth, Bjarne	Gardbrukar	f.1920
Eigar:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955
Informant:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955

Biletet er teke ved ei gamal markløe ovanfor Løseth og viser Karen Løseth f. Søvik og hunden Trofast. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.02.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00007

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU3, kvinner, setertauser, seter, støl,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Løvollstølen
Gnr.: 71.000

Datering: 1942-1942
Format: 6.0 x9.0 cm
Tilstand:
Klausul:
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955
Informant:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955

Personane er: Frå venstre Jenny Løvoll Klock, Karen Søvik Løseth og Oline Søvik Aklestad. Edvartselet på Løvollstølen. I bakgrunnen Sandvikhornet. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.02.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00008

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Revejakt, fangst, mann, rever,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Løset S.
Gnr.: 69.001

Datering: 1938-1940
Format: 6.0 x9.0 cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend	Trygdefunksjonær	f.1955
Eigar:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955
Informant:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955

Biletet er av Bjarne Løset med to revar han har skote. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00009

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Jegar, orrfuglar, portrettU, mann, eldhus,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Løset S.
Gnr.: 69.001

Datering: 1938-1940
Format: 6.0 x9.0 cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Løseth, Jostein
Informant: Løseth, Jostein

Trygdefunksjonær f.1955
Trygdefunksjonær f.1955

Bjarne Løset ved eldhusveggen med dagens fangst. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00010

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU3, kvinner, seter, støl,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Løset S.
Gnr.: 69.001

Datering: 1947-1948
Format: 6.0 x9.0 cm
Tilstand: Bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955
Informant:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955

Personane på biletet er frå venstre: Karen Søvik Løseth, Bjarne Løseth, Anna Løseth Almeskar. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00011

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Jonsokfeiring, St. Hans, bål, ungdom, sel, landskap,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Løset S.
Gnr.: 69.001

Datering: 1938-1940
Format: 5.5 x8.0 cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955
Informant:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955

Jonsokfeiring på Løsetstølen, ved vatnet. Ungdom frå Søvikdalen og Furstranda. I bakgrunnen frå venstre: Johan-selet i midten, Nedre-Søvikselet, og til høgre Pettersselet. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00012

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Hest, mann, premiemerr,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Løset S.
Gnr.: 69.001

Datering: 1920-1925
Format: 7.0 x11.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955
Informant:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955

Personen på biletet er Johan Ramstad Løseth (f.1881-d.1945). Han kom til Løseth i 1906, og var m.a. ein sær s flink hestekar. (Lokal registrering: Torkjell Søvik 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0551.00013

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU3, stove,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Søvikdal
Adresse: Løset S.
Gnr.: 69.001

Datering: 1935-1935
Format: 6.0 x8.5 cm
Tilstand: Bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955
Informant:	Løseth, Jostein	Trygdefunksjonær	f.1955

Personane er: Frå venstre Berte Løseth (f.1885), Anna Løseth Almeskar (f.1929), Margit Løseth Gundersen (f.1912). I bakgrunnen den gamle stova på Løseth, som vart teken ned og flytta til Vik (Jens Vik i 1968). Eldste delen av stova vart bygd på 1700-talet, yngste delen er frå 1872. Gardssoga for Sykkylven, band IV. (Lokal registrering: Torkjell Søviks 29.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0552.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU8, møbelfabrikk, treskjeriing,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Tynes
Adresse: Tynes møbelfabrikk
Gnr.:

Datering: 1938-1938
Format: 5.0 x10.0cm
Tilstand: Bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Kleppe, Olai	Bonde, pensjonist	f.1913
Informant:	Kleppe, Olai	Bonde, pensjonist	f.1913

Olai Kleppe kom frå Gurskøya og fekk arbeid på Tynes Møbelfabrikk. Fabrikken laga bl.a. spisestuer med utskjeringar. Kunstnaren Hagerup laga utskjeringar på interiør i Sykkylven kyrkje, som brann ned i 1982. Biletet er frå øvste etasje, treskjeraravdelinga, i ein pause i arbeidet. Nr. 5 frå venstre Norvald Frøysa, som var i slekt med Elias Frøysa i Fauskebygda. Han var lærar og banksjef i Sykkylven. Norvald Frøysa måtte slutte grunna krigen og forpakta då garden Løvollen før han flytte til Vegsund. Biletet viser frå venstre: 1. Arne Blindheim, (Reitebakk Arne), 2. Ola H. Hole, Bøda Ola, 3. Olav Bringsvor frå Sandsøya, 4. Olai Kleppe, 5. Norvald Frøysa frå Sunnylvn, 6. Arnljot Helland frå Romsdal, 7. Bjarne Taraldset frå Hornindal, 8. Daniel Hagerup frå Nordmøre (Tustna?) 08. Daniel Hagerup var sjef for treskjerarane. Han stod for treskjerararbeidet i kyrkja, som no diverre er borte. 7. Bjarne Taraldset sin son i Hornindal underviser i treskjeriing. (Lokal registrering: Ingunn Hole Hunnes 28.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0552.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU7, møbelfabrikk, treskjerjing,

Kommune: Sykkylven

Distrikt: Tynes

Adresse: Tynes møbelfabrikk

Gnr.:

Datering: 1938-1938

Format: 5.0 x10.0cm

Tilstand: Bra

Klausul: Ingen

Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend

Eigar: Kleppe, Olai

Informant: Kleppe, Olai

Bonde, pensjonist f.1913

Bonde, pensjonist f.1913

Biletet er teke same tid, same lokale som førre nr. Framme til venstre ser vi eksempel på dør til skap, i spisestue "Bjørn". Vi ser til høgre ei utskoren løve. Det vart laga nokre få av desse. Eigar veit ikkje noko om dei. Vi ser og ei lampe på benken. Eigaren laga seg utskoren lampe som no heng i heimen. Frå venstre ser vi: 1. Olav Bringsvor, Sandsøya, 2. Olav H. Hole, Bøda Olav, Velledalen (delvis skjult), 3. Daniel Hagerup, sjef på avdelinga , Nordmøre, 4. Arnljot Helland, Romsdal, 5. Bjarne Taraldset, Hornindal, 6. Olai Kleppe, eigar av biletet, 7. Arne Blindheim, Reitebakk Arne, Vik/Tynes. (Lokal registrering: Ingunn Hole Hunnes 28.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0552.00003

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Bil, lastebil, folk, fjell,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse:
Gnr.:

Datering: -
Format: 10.0x5.0 cm
Tilstand: Bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Kleppe, Olai
Informant: Kleppe, Olai

Bonde, pensjonist f.1913
Bonde, pensjonist f.1913

Bilen kørde frå Sykkylven til Åndalsnes - Trollstigen - Valldal og heim. Søndagstur. Folket sat bak i sete for open himmel. (Lokal registrering: Ingunn Hole Hunnes 28.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0553.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Bygning, butikk,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Straumgjerde
Adresse: Straume
Gnr.: 24.016

Datering: 1930-1950 CA
Format: 18.0x24.0cm
Tilstand: Nokså bra, men
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Drabløs, Kjetil	Kjøpmann	f.1939
Informant:	Drabløs, Kjetil	Kjøpmann	f.1939

Huset er bygd i 1898 av Petter Langeland d.1930, onkel til informanten, saman med Ole Hjorthol. Petter L. løyste ut Ole H. rett etter århundreskiftet. 1. etg. var butikk og bakeri. Sirupsfat står v/inngangspartiet. Butikken var i periodar driven av E. Vinje eftf. med 1. Peder Overå og 2. Reinhardt Dalseth som styrarar (Seinare, ca. 1930, bygde R. Dalseth hus i nærleiken med butikk og gjestegiveri.) Dette huset var også Hotell Strømshorn. Leigde ut rom på loftet. Familien budde i hovedetasjen. I sørenden kom eit påbygg, (KD-02) som vart brukt til mjøllager for butikken i 1. etg. og soverom for hotellet i 2. etasje. Ca. 1945 tok Per Langeland over post og telegraf i Straumgjerde. Sørenden i hovudetasjen vart nytta til denne tenesta. Butikken vart nedlagd ca. 1950. Etter kvart som industrien vaks fram, leigde Anna Langeland ut til hyblar og hadde "kostkarar" (kafè). Ca. 1950 bygde Kari Langeland og Bjarne Drabløs hus på andre sida av vegen og dei tok over og dreiv butikken herifrå. (Sjå fleire bilete.) I dei gamle butikklokala flytte Sverre Kvellaug inn med boklager og bustad der. Per Langeland overtok huset og innreidde mjøllageret og flytta post og telegraf dit ca. 1955. Telefonstasjonen vart nedlagd ca. ?, posten nedlagt år 2000. Dette er eldste bebudde hus i Straumgjerde i dag. (Lokal registrering: Ingunn Hole Hunnes 04.02.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0553.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Bygning, butikk, bakeri,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Straumgjerde
Adresse: Straume
Gnr.: 24.016

Datering: 1930-1950 CA
Format: 18.0x24.0cm
Tilstand: Bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Drabløs, Kjetil	Kjøpmann	f.1939
Informant:	Drabløs, Kjetil	Kjøpmann	f.1939

Huset er bygd i 1898 av Petter Langeland d.1930, onkel til informanten, saman med Ole Hjorthol. Petter L. løyste ut Ole H. rett etter århundreskiftet. 1. etg. var butikk og bakeri. Sirupsfat står v/inngangsparti. Butikken var i periodar dreven av E. Vinje eftf. (Seinare ca. 1930 bygde R. Dalseth hus i nærleiken med butikk og gjestegiveri.) Dette huset var også Hotell Strømshorn. Leigde ut rom på loftet. Familien budde i hovedetasjen. I sørenden kom eit påbygg, (KD-02) som vart brukt til mjøllager for butikken i 1. etg. og soverom for hotellet i 2. etasje. Ca. 1945 tok Per Langeland over post og telegraf i Straumgjerde. Sørenden i hovudetasjen vart nytta til denne tjenesta. Butikken nedlagt ca. 1950. Etter kvart som industrien vaks fram, leigde Anna Langeland ut til hyblar og hadde "kostkara" (kafè). Ca. 1950 bygde Kari Langeland og Bjarne Drabløs hus på andre sida av vegen og dei tok over og dreiv butikken herifrå. I dei gamle butikklokala flytte Sverre Kvellaug inn med boklager og bustad der. Per Langeland overtok huset og innreidde mjøllageret og flytta post og telegraf dit ca. 1955. Telefonstasjonen vart nedlagt ca. ?, posten vart nedlagt år 2000. Dette er eldste bebudde hus i Straumgjerde i dag. (Lokal registrering: Ingunn Hole Hunnes 04.02.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0553.00003

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Bygning, butikk, murar, påbygg,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Straumgjerde
Adresse: Straume
Gnr.: 24.019

Datering: 1949-1949
Format: 10.0x16.0cm
Tilstand: Bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:

Eigar: Drabløs, Kjetil

Kjøpmann

f.1939

Informant: Drabløs, Kjetil

Kjøpmann

f.1939

Nybutikken, murane, oppsette i 1949. Bygde hus oppå seinare. Strømhuset til venstre, noverande eigar Leif Drotninghaug. (Lokal registrering: Ingunn Hole Hunnes 04.02.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0553.00004

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Butikk, kjøpmann, kunder, interiør,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Straumgjerde
Adresse: Straume
Gnr.: 24.019

Datering: 1950-1950
Format: 10.0x6.0 cm
Tilstand: Bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:

Eigar: Drabløs, Kjetil

Kjøpmann

f.1939

Informant: Drabløs, Kjetil

Kjøpmann

f.1939

Vareutvalet i butikken ca. 1950 bar preg av krigens dager. Firmaet tok namnet B. Drabløs AS. F.v.- ukjend - Marte Tandstad "Øggars-Marte", bak henne Karen Langeland Drabløs, Per Arne Drabløs , Bjarne Drabløs. (Lokal registrering: Ingunn Hole Hunnes 04.02.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0553.00005

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Bygning, butikk,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Straumgjerde
Adresse: Straume
Gnr.: 24.019

Datering: -
Format: 11.0x15.0cm
Tilstand: Bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:

Eigar: Drabløs, Kjetil

Informant: Drabløs, Kjetil

Kjøpmann

Kjøpmann

f.1939

f.1939

Nybutikken. (Lokal registrering: Ingunn Hole Hunnes 04.02.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0553.00006

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Gruppe9, speidarar, scene, ungdomshus,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Straumgjerde
Adresse:
Gnr.:

Datering: 1946-1946
Format: 8.5 x13.0cm
Tilstand: Bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:

Eigar: Drabløs, Kjetil

Kjøpmann

f.1939

Informant: Drabløs, Kjetil

Kjøpmann

f.1939

Speidargruppa i Straumgjerde vart starta av Paul Dahl som var tilsett på skofabrikken til Lars Lade. Biletet er teke i 1946 på ungdomshuset Vårvon. 1 rekkje frå venstre: 1. Jan Flo, 2. Odd Kåre Fet, 3. Olav Strand, 4. Ole Flåte, 5. Edolf Lade, 6. Karsten Tandstad, 7. Ole Bonesmo, 8. Ola Strømmegjerde, 9. Lars Karl Strømme, 10. Arnljot Lade, 11. Harald Tandstad, 12. Kjetil Drabløs, 13. Oddbjørn Bonesmo, 14. Jarle Høydal, 15. Ove Straumsheim, 16. Leif Jarle Nakken, 17. Per Arne Drabløs, 18. Einar Fet, 2. rekke frå venstre: 19. Nils Hoff, 20. Lorenz Riksheim, 21. Petter Straumsheim, 22. NN, 23. Paul Dahl, 24. Odd Frisvold, 25. Gustav Tandstad, 26. Jostein Strømmegjerde, 27. Knut Berg, 28. Bjarne Tandstad. (Lokal registrering: Ingunn Hole Hunnes 04.02.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0554.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Brudepynt, krone, sølv, portrett, kvinne, festdrakt,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Klokkehaugen
Gnr.: 15.000

Datering: 1876-1876
Format: 18.0x24.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Aure, Margrethe Haugseth	Husmor	f.1916
Informant:	Aure, Margrethe Haugseth	Husmor	f.1916

Brud med brurekrone: Myrepyntet. Elias Johnsen Aurstad, gift med Karen Larsdotter Klokkehaug, kjøpte Myregarden, b. nr. 3 i 1876. Han var ein velstående mann, og det var han som kom med dette brurepyntet til Sykkylven. Det har sidan gått under namnet Myrepyntet. På biletet: Anne Marie "Marja" Larsdotter Klokkehaug. Ho var gift med Petter Larsen Haugset frå Pålgarden i 1886, men biletet er teke nokre dagar før bryllaupet av ein omreisande fotograf. Sonedottera til Marja, Margrethe Aure, f. Haugset i 1916, kan fortelje at ho hugsar godt at folk leigde dette pyntet når dei skulle gifte seg, og det var bestemora Marja som stod føre pyntinga. Pyntet hadde ho med seg i ei bombe, dvs. eit trekjerald. For kvar gong pyntet var brukt, måtte det stellast opp att. M.a. måtte dei fine kvite blondane vaskast. Til strykinga hadde ho eit strykejarn som var innhølt, inn i det la ho glør, slik at jarnet skulle halde seg varmt. Dessuten brukte ho ei hornskei for å glatte ut dei minste rynker ein kunne finne. I tillegg til dei kvite blondane var der ein del raudt stoff. Tre hjarteforma speglar på framsida, dessuten ein bringesmykke som vart kalla "angstei" (Truleg frå Agnus Dei, Guds lam). Det massive sølvkjedet viser også på biletet. Klara Bastiansdtr. Sjøholt, ervde pyntet, som no truleg er i Ørskog. (Lokal registrering: Jon Hole 18.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0554.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Portrett2, kvinne, mann, ektepar,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Klokkehaugen
Gnr.: 15.000

Datering: 1890-1890
Format: 15.0x20.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:	Haagensen, Herman Julius	Fotograf	f.1855
Eigar:	Aure, Margrethe Haugseth	Husmor	f.1916
Informant:	Aure, Margrethe Haugseth	Husmor	f.1916

Anne Marie "Marja" Haugset (f.ca. 1858-d.1930) f. Klokkehaug og Petter Andreas Larsen Haugset (f.1858-d.1899), Pålgarden. Han var bonde, men dreiv også ein del med trondemshandel (handel på Trondheim.) Han spela fele. Sjå også førre nr. (Lokal registrering: Jon Hole 18.01.2002.)

*** FOTOKORT ***


FAKf-0554.00003

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Familie, gruppe4,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Tormodgarden
Gnr.: 34.000

Datering: 1914-1914
Format: 19.0x14.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Aure, Margrethe Haugseth	Husmor	f.1916
Informant:	Aure, Margrethe Haugseth	Husmor	f.1916

Peter Nilsen Aurdal, (f.1852-d.1919), Tormodgarden Aurdal. Han hadde gard, men dreiv og mykje som bygningsmann saman med brørne sine og tre søner, m.a. i Skjåk og Lom. Dei sette opp Polfoss Turisthotell og ei bru over Otta-elva. Seinare samarbeidde han med Brunstad-Magnus om bygging av kvelvingsbruer av stein. Peter og arbeidslaget hans laga forskalingane som Brunstad-Magnus brukte. T.h. kona Jacobine Jacobsdotter Slettebakk frå Skodje, (f.ca.1855-d.1906) I midten dottera Inger, (f.1899), her som konfirmant. Bak: Sonen Bernhard Weiberg Aurdal, (f.1893-d.1920), lærar på Amtsskulen på Sjøholt. Gardssoga for S. I, s.317. (Lokal registrering: Jon Hole 18.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0554.00004

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Portrett, kvinne,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Tormodgarden
Gnr.: 34.000

Datering: 1870-1870
Format: 14.0x19.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Aure, Margrethe Haugseth	Husmor	f.1916
Informant:	Aure, Margrethe Haugseth	Husmor	f.1916

Inger Berntsdotter Aurdal (f.1826-d.1915), Tormodgarden. Gift i 1847 med Nils Peter Pedersen Weiberg, (f.1817-d.1892), frå Eidsdalen. (Lokal registrering Jon Hole 18.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0554.00005

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Portrett, mann,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Haugseth
Adresse: Pålgarden
Gnr.: 13.000

Datering: 1895-1895
Format: 19.0x14.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Aure, Margrethe Haugseth	Husmor	f.1916
Informant:	Aure, Margrethe Haugseth	Husmor	f.1916

Petter Andreas Larsen Haugset, (f.1858-d.1899), Pålgarden, gift 1886 med Marie Larsdotter Klokkehaug, (f. ca.1858-d.1930) Sjø bilde 2 i samlinga, samt Gardssoga for Sykkylven. I, s. 366/367. (Lokal registrering: Jon Hole 18.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0555.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Slåttonn, hest, slåmaskin, kjerre, slåttefolkfjord, fjell,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Andestad
Gnr.: 10.002

Datering: 1931-1931
Format: 10.0x15.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf: Andestad, Edvard
Eigar: Andestad, Sverre
Informant: Andestad, Sverre

Lærer, skuleinspektør f.1898
Pensjonist f.1920
Pensjonist f.1920

Slåttonn på Andestad, Rasmusgarden, gnr. 10.002, 1931. Ved slåmaskina: (Jens) Laurits Jensen Andestad. Attmed hesa, frå venstre: Karoline, Jens og Lydianne, Anna, med Hallbjørg i barnevogna. Anna var kona til Edvard Andestad, som tok biletet. Edvard Andestad var lærar på Valderøya. Fotoapparat kjøpte han i 1930, slik at han kunne ta bilete av dottera som skulle kome til verda då. Gardssoga for Sykkylven, band I, s. 287-288. (Lokal registrering: Jon Hole 10.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0555.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Dyr, revegard, sølvrevavl, mann,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Andestad
Gnr.: 10.002

Datering: 1931-1931
Format: 10.0x15.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf: Andestad, Edvard
Eigar: Andestad, Sverre
Informant: Andestad, Sverre

Lærer, skuleinspektør f.1898
Pensjonist f.1920
Pensjonist f.1920

Sylvrevavl i Rasmusgarden 1931. (Jens) Laurits Jensen Andestad var røktar i ein sylvrevgard i Rasmusgarden. Eigar var eit akjeselskap. I tillegg til han sjølv hadde desse aksjar: Ole Hjellegjerde, Ole Relling, Karl S. Brudevoll. Sylvrevgarden vart avvikla omkring 1940, då det vart dårlegare lønsemd og vanskelegare å få fôr til revane. Også i Pe-garden var det ein slik sylvrevgard. Eigar var aksjeselskapet Blåfjell Revefarm, røktar Laurits P. Andestad. Gardssoga for Sykkylven, band. I, s. 287-288. (Lokal registrering: Jon Hole 10.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0555.00003

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Gravferd, gravfølge, hest, hjulslede,

Kommune: Sykkylven

Distrikt:

Adresse: Andestad

Gnr.: 10.002

Datering: 1939-1939

Format: 10.0x15.0cm

Tilstand: Bra

Klausul: Ingen

Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf: Andestad, Edvard

Eigar: Andestad, Sverre

Informant: Andestad, Sverre

Lærer, skuleinspektør f.1898

Pensjonist f.1920

Pensjonist f.1920

Gravferd i Rasmusgarden, g.nr.10, b.nr. 2. Jens Larsen Andestad vert førd til si siste kvile i mai 1939. Som skikken var den gongen, var det fyrst samling i heimen. Deretter vart kista frakta med hest og hjulslede til kyrkja og kyrkjegarden. Jens Andestad har taumane. Rett bak kista går Lydiane og Laurits P. Andestad, heilt t.h. lærar Elias Frøysa. Stova og stabburet på biletet vart flytt hit frå gamletunet i 1897, etter at ei fonn hadde gjort stor skade, og det vart rekna for utrygt å bu der. Ovanfor stabburet står litt av den siste revegarden. Sjå også førre nr. (Lokal registrering: Jon Hole 10.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0555.00004

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Slåttonn, gruppeU7, hest, bygning,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Andestad
Gnr.: 10.002

Datering: 1909-1911
Format: x cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf: Andestad, Edvard
Eigar: Andestad, Sverre
Informant: Andestad, Sverre

Lærer, skuleinspektør f.1898
Pensjonist f.1920
Pensjonist f.1920

Slåttonn på Andestad om lag 1910. Onnefolket har teke ein liten pause i arbeidet. Frå venstre: Martin, Ludvik, Petter, Edvard, alle med etternamnet Andestad. T.h. Jens, kona Lydianne, dotter deira Karoline. Lydianne var frå Ingarden på Kjemphol, g.nr.12, b.nr. 3. Då fotografen kom, hadde dei ikkje gardiner i stova. Dette var ikke skamlaust, så Karoline for strake vegen til systra i Pe-garden for å låne der. Men der var ingen heime, dei var sjølve ute på bøen og dreiv slåtten. Karoline hadde ikkje tid til å finne dei, så ho "lånte" gardina som hang i stova. Om kvelden då dei skulle levere gardina tilbake, sa Berte, kona i huset: "Du store hendelse, her har vore tjuvpakk og reist med gardina våre!". (Lokal registrering: Jon Hole 10.01.2002.)

*** FOTOKORT ***


FAKf-0555.00005

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Mann, bygning,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Andestad
Gnr.: 10.002

Datering: 1931-1931
Format: 6.0 x9.0 cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf: Andestad, Edvard
Eigar: Andestad, Sverre
Informant: Andestad, Sverre

Lærer, skuleinspektør f.1898
Pensjonist f.1920
Pensjonist f.1920

Ole Olsen Nakkegjerd, "Post-Olsen", 1931. Ved sida av å drive plassen Lillegjerde g.nr.16, b.nr. 2, var Ole skreddar. I mange år bar han posten på Grebstaddalen, til Andestad. Oftast var han innom skulen attmed Aurebrua, og var det dårleg ver og føre, leverte han gjerne posten til skuleborna. Då fekk han samstundes ein prat med læraren, Carl Tandstad, og gjerne ei skrå, noko som han sette stor pris på. På biletet ser ein og gamlestova i Rasmusgarden på Andestad. Gardssoga for Gardssoga for Sykkylven, band. I, s. 2-60. (Lokal registrering: Jon Hole 10.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0555.00006

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Miltære, soldatar, gruppe9, våpen, gevær,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Andestad
Gnr.: 10.002

Datering: 1918-1920
Format: 9.0 x14.0cm
Tilstand: Bra, men stor knekk
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf: Sødal, L.
Eigar: Andestad, Sverre
Informant: Andestad, Sverre

Fotograf
Pensjonist f.1920
Pensjonist f.1920

Soldatar på Veblungsnes om lag 1919. Stående til venstre: Ludvik Andestad, Rasmusgarden. Stående til høyre: Johan Grebstad, Bastiangarden, gnr.7.020. Dei andre er ukjende. (Lokal registrering: Jon Hole 10.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0555.00007

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU100, stemne, barn, vaksne,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Eimsstølen
Gnr.: 8.000

Datering: 1931-1931
Format: 10.0x15.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf: Andestad, Edvard
Eigar: Andestad, Sverre
Informant: Andestad, Sverre

Lærer, skuleinspektør f.1898
Pensjonist f.1920
Pensjonist f.1920

Stevne Eimssetra 1931.

01. Bjarne Aurdal
02. Ingvar Relling
03. Sverre Andestad
04. Gunnar Skotte
05. John Holmber
06. Ingvald Kjemphol
07. Peder ??
08. Kåre Kjemphol.
09. Karsten ? ??
10. Sverre Aurdal
11. Nils Kjemphol d.e.

12. Inga Kjemphol
13. Lars Petter Kjemphol
14. Borgny ??
15. ?? Signe Grebstad - ??
Grebstad
16. Inga Tynes
17. Signe Grebstad
18. ?? Signe Grebstad - Oddvar G
19. Ingrid Grebstad.
20. Ingrid Aaker
- 21.
22. Julie W. Aurdal, g. Bakke

- | | |
|---------------------------------|---------------------------|
| 23. Ida Tandstad | 51. |
| 24. | 52. |
| 25. Aslaug Grebstad | 53. |
| 26. | 54. |
| 27. | 55. |
| 28. Ragnar Mulelid | 56. Petter K.K. Blindheim |
| 29. Johanne Kjemphol | 57. |
| 30. Guri Aure | 58. |
| 31. Martin Lyshol | 59. |
| 32. | 60. |
| 33. Åsta Fredriksen | 61. |
| 34. Johanne Grevstad | 62. |
| 35. Johanne Blindheim | 63. |
| 36. Sigrid Holmberg | 64. Sivert Seljeflot |
| 37. | 65. Leif Blindheim |
| 38. mor til Lullen | 66. Lars Aure, ?? |
| 39. Jacobine Andestad | 67. Sverre Lyshol |
| 40. | 68. |
| 41. Anna Andestad | 69. Nils ?? Kjemphol |
| 42. Edvarda Andestad, g. Jensen | 70. Anna Olseth Eidem |
| 43. Marie Lyshol | 71. |
| 44. Johanne Lyshol | 72. |
| 45. Edvard Grebstad | 73. |
| 46. Karl Lyshol ? | 74. |
| 47. | 75. |
| 48. | 76. |
| 49. | 77. |
| 50. | 78. |

(Lokal registrering: Jon Hole: 10.01.2002.)



*** FOTOKORT ***

FAKf-0555.00008

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Bryllupsgjester, brudepar,

Kommune: Sykkylven

Distrikt:

Adresse: Andestad

Gnr.: 10.002

Datering: 1936-1936

Format: 10.0x15.0cm

Tilstand: Bra

Klausul: Ingen

Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf: Andestad, Edvard

Eigar: Andestad, Sverre

Informant: Andestad, Sverre

Lærer, skuleinspektør f.1898

Pensjonist f.1920

Pensjonist f.1920

Andre bryllaupsdagen til Petter J. Andestad og kona Nanna, f. Lyshol.

01. John Grebstad
02. Nanna Andestad f. Lyshol
03. Leikny Andestad
04. Petter Andestad
05. Hallbjørg Andestad
06. Karl Grebstad
07. Ukjend
08. Ingvald B. Straumsheim
09. Karl Lyshol
10. Hjørdis Strømsheim f. Lyshol
11. Magnhild Bjørke
12. Astrid Ringdal f. Lyshol
13. Johanne Lyshol
14. Judiylh Lyshol
15. Susanne Lyshol
16. Solveig Bjørke f. Lyshol
17. Lydianne Andestad f. Kjemphol

18. Jens Larsen Andestad
19. Inga Andestad
20. Olava Tomren f. Andestad
21. Berte Andestad
22. Anne Andestad
23. Edvard Grebstad
24. Edvard Andestad
25. Signe Grebstad
26. Eldbjørg Grebstad
27. Arne Lyshol
28. Karoline Andestad
29. Nikoline Lyshol
30. Laurits P. Andestad.

(Lokal registrering: Jon Hole
10.01.2002.)



FAKf-0555.00008

1	Grebstad	Johan	16	Bjørke Solveig Lyshol
2	Andestad	Nanna Lyshol	17	Andestad Lydianne Kjemphol
3	Andestad	Leikny	18	Andestad Jens Larsen
4	Andestad	Petter	19	Andestad Inga
5	Hallbjørg		20	Tomren Olava Andestad
6	Grebstad	Karl	21	Andestad Berte
7	NN		22	Andestad Anne
8	Straumsheim	Ingvald B.	23	Grebstad Edvard
9	Lyshol	Karl	24	Andestad Edvard
10	Straumsheim	Hjørdis Lyshol	25	Grebstad Signe
11	Bjørke	Magnhild	26	Grebstad Eldbjørg
12	Ringdal	Astrid Lyshol	27	Lyshol Arne
13	Lyshol	Johanne	28	Andestad Karoline
14	Lyshol	Judith	29	Lyshol Nikoline
15	Lyshol	Susanne	30	Andestad Laurits P.

*** FOTOKORT ***

FAKf-0555.00009

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Konfirmantar, gruppeU50,

Kommune: Sykkylven

Distrikt: Sykkylven

Adresse: Aure

Gnr.:

Datering: 1934-1934

Format: 18.0x24.0cm

Tilstand: Bra

Klausul: Ingen

Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend

Eigar: Andestad, Sverre

Informant: Welle Kåre J.

Pensjonist

f.1920

Pensjonist

f.1920

Personane på konfirmantbilde. 1. rekke frå venstre:

01. Olea Lade

02. NN

03. NN

04. NN

05. Lovise Jarnes

06. Oddbjørg Erstad

07. NN

08. NN

09. Borgny Brunstad

2. rekke frå venstre:

01. Lars Hole Drabløs

02. Ole P. Velle

03. Lars Hatlemark

04. NN

05. Berthe Skarberg

06. Judith Haram

07. Tonny Ullavik
08. Judith Lyshol
09. Agnes Aure
10. Petra K. Blindheim
11. NN
12. John Hjortdal
13. Inge Strømme
3. rekke frå venstre:
01. Petter Riksheim
02. Leif Grebstad
03. Gunnar Skotte
04. NN
05. Petter P. Tandstad
06. prost Rude
07. Arne L. Fauske
08. Ola Tandstad
09. Jens Aure

10. Sverre Andestad
11. Torkjel Overå
12. Carl C. Tandstad
4. rekke frå venstre:
01. Karstein Brunstad
02. Konrad Gjerde
03. NN
04. Petter Grebstad
05. Per Brunstad
06. Karl Welle
07. Perry Fet
08. NN
09. Petter Midtgård
10. Petter Hustad
11. Emil Ullavik
12. Ingvald Hjellegjerde

(Lokal registrering: Jon Hole 10.01.2002.)



*** FOTOKORT ***

FAKf-0556.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Slåttonn, gruppeU6, hest, høyvogn,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Straumsheim
Gnr.: 34.001

Datering: 1926-1926
Format: 6.5 x10.5cm
Tilstand: Bra
Klausul: Ingen
Reg.: 22.02.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Andestad, Sverre
Informant: Straumsheim, Olav

Pensjonist f.1920
Pensjonist f.1924

I Skjorabakkane, ovanfor løa i Ola-garden, til sides med fotballbana. Her var det nokså bratt og vanskeleg å slå, og til vanleg måtte det gjerast med langorv, så det var hardt arbeid. Martin Straumsheim (Nymark-Martin) slo ein del av bakkane med hest og slåmaskin ein gong, men han brukte tvidrette, dvs. to hestar. Nokre år etter krigen snakka dåverande eigar, Olav Straumsheim med Eina-Peder (Peder Strømmegjerde) om dette slettet. Peder hadde då, som ein av dei fyste her om kring, kjøpt seg motorslåmaskin. Olav tvilte på om Peder greidde å slå dei bratte bakkane. "Eg skal slå om der er bratt, berre der er flatt" sa Peder. Det han meinte å seia var, at marka måtte vere jamn. Og det var ho, så Peder kom og slo bakkane utan problem. Biletet er frå omkring 1926. Frå venstre: Jacob (f.1838), Hjalmar (f.1920), Anne Helene (f.1886), Olav (f.1924), Andreas (f.1886), Kaspara (f.1903), alle med etternamnet Straumsheim. Tidlegare vart av og til etternamnet Strømsheim brukt. (Lokal registrering: Jon Hole 21.02.2002.)

*** FOTOKORT ***


FAKf-0556.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Portrett, mann, låvevegg,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Myraplassen
Gnr.: 24.000

Datering: 1945-1950
Format: 6.5 x4.5 cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Straumsheim, Olav	Pensjonist	f.1924
Informant:	Straumsheim, Olav	Pensjonist	f.1924

Johan Amundsen Hole (1862-1951), var frå Haugen på Hole, og overtok Myreplassen (Øggaplassen) omkring 1885. I tillegg til å drive plassen, dreiv han torskefiske. På sine eldre dagar budde han plassen saman med døtrene Olave og Marte. Han stod mykje i vedaskotet, og held dei med turr og god brenneved. Her sit han attmed løveveggen på Myraplassen. (Lokal registrering: Jon Hole 21.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0556.00003

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU3, kvinner, barn, musikkinstrument, trekkspel,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Ola-garden
Gnr.: 34.000

Datering: 1926-1926
Format: 9.0 x6.0 cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Straumsheim, Olav	Pensjonist	f.1924
Informant:	Straumsheim, Olav	Pensjonist	f.1924

I hagen i Ola-garden omkring 1926. Med trekkspelet: Karoline Straumsheim (ho kunne spele litt), Kaspars Straumsheim, Olav Straumsheim, om lag to år gamal. (Lokal registrering: Jon Hole 21.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0556.00004

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Barn, gut, stol, hage,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Ola-garden
Gnr.: 34.000

Datering: 1922-1922
Format: 14.0x8.5 cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Brudevoll, Ole S.
Eigar: Straumsheim, Olav
Informant: Straumsheim, Olav

Ymse yrke, am.fotograf. f.1884
Pensjonist f.1924
Pensjonist f.1924

Hjalmar Straumsheim (1920-2001), om lag to år gammal. Stolen han sit på, er ei kjend type i Sykkylven, laga av bjørk og brunbeisa. Mesteparten av stolen er laga i dreiebenk, og det er truleg ein verkstad her (Johan P. Erstad?) som har laga han. I Ola-garden hadde dei seks slike stolar og eit tilhøyrande rundt bord. (Lokal registrering: Jon Hole 21.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0556.00005

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU12, barn, kvinner, menn, tun, bygninger,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Tormodgarden
Gnr.: 34.000

Datering: 1924-1924
Format: 13.0x18.0cm
Tilstand: Dårleg, uskarp mm
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf:	Ukjend		
Eigar:	Straumsheim, Olav	Pensjonist	f.1924
Informant:	Straumsheim, Olav	Pensjonist	f.1924

Midt i bildet våningshuset og litt av gamleløa i Olagarden. T.h. doet i Tormodgarden. Steingarden viser bytet mellom Olagarden og Tormodgarden. Personane: Framme: Johanne Blindheim, g. Sivertsen, Trondheim, Anne Strømsheim, g. Ose, Ørsta, Olav Blindheim, bror til Johanne, Karoline Strømsheim, gift med Konrad Strømsheim. Mellom: Kaspars Straumsheim, Klara Straumsheim, g. med Lars Strømmegjerde, Lovise Straumsheim, g. Kolberg, Vestnes. Bak: Solveig Strømme, Sølmongarden, gift til Vartdal, Berta Strømsheim, g. Enstad, Jens Strømsheim, USA, døydde 1928, 21 år gammal, Petter O. Straumsheim, Ellend-garden. (Lokal registrering: Jon Hole 21.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0557.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Familie, spisestue, interiør,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Vinjehuset
Gnr.: 14.000

Datering: 1924-1924
Format: 6.5 x10.0cm
Tilstand: Dårleg, skjoldar mm
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Vinje, Elias
Informant: Espe, Kari

Kjøpmann f.1927
Pensjonist f.1919

Familien Vinje i spisestua. Elias Vinje frå Stordalen (f.1883-d.1949) sette opp forretnings- og bustadhus i Aure sentrum i 1920. I huset dreiv han kolonialbutikk, saman med kona også hotell. Her er familien Vinje fotograferte i spisestua, omkring 1916. Frå venstre Elias Vinje sr., Bjørg, Kari, kona Laura, f. Strømme, Thomas. (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

***** FOTOKORT *****

FAKf-0557.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU22, ungdom, kvinner, menn, besteklede,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Grebstad
Adresse: Grebstad
Gnr.: 7.000

Datering: 1916-1916
Format: 6.5 x10.0cm
Tilstand: Nokså bra, men
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Vinje, Elias
Informant: Espe, Kari

Kjøpmann f.1927
Pensjonist f.1919

Første rekkje: Laura Vinje, Johanne S. Aure, Klara Grebstad, Berte Aure, Karen Haugseth, Johanne Grebstad, Johanne Dalseth, Lars Grebstad. Andre rekkje: Guri Sandal, Ole Grebstad, Antonie Grebstad, Olava Hole, Berte Brunstad, NN. Tredje rekkje: Ole Tynes, NN, NN, Lars Riksheim, Ole Aursnes, Elias Vinje, NN, Peter O. Vad. (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0557.00003

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU25, ungdom, bestklede, Bryllupsgjester,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Grebstad
Adresse: Grebstad
Gnr.: 7.000

Datering: 1916-1916
Format: 6.5 x10.0cm
Tilstand: Nokså bra, men
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Vinje, Elias
Informant: Espe, Kari

Kjøpmann f.1927
Pensjonist f.1919

Ungdomar - truleg bryllaupsgjester (sjå kart).

- | | |
|---------------------------------|------------------------------------|
| 01. Ole Aursnes | 14. Oline Straumsheim ? |
| 02. NN | 15. Emma Aure (Bakke-Emma) ? |
| 03. Laura Vinje f. Grebstad | 16. NN |
| 04. Johanne Aure (Bakke-Jonna) | 17. frå Åsmundgarden, Eidem |
| 05. NN | 18. Reinhart Dalseth |
| 06. Olava Eiken f. Vik | 19. Anton Grebstad (Tommasgarden) |
| 07. Anna Grebstad g. Eliassen | 20. NN |
| 08. Johanne Dalseth f. Grebstad | 21. NN |
| 09. NN | 22. NN |
| 10. Berte Brunstad ? | 23. Severin Grebstad |
| 11. Elias Vinje sr. | 24. NN |
| 12. Lars Riksheim (Teie-Lars) | 25. Gunder Grebstad (Elling-Gunna) |
| 13. Edvard Grebstad ? | |

(Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)



FAKf-0557.00003

1	Aursnes	Ole
2	NN	
3	Vinje	Laura Grebstad
4	Aure	Johanne
5	NN	
6	Eiken	Olava Vik
7	Eliassen	Anna Grebstad
8	Dalseth	Johanne Grebstad
9	NN	
10	Brunstad	Berte
11	Vinje sr.	Elias
12	Riksheim	Lars
13	Grebstad	Edvard
14	Straumsheim	Oline
15	Aure	Emma
16	NN	
17	??	
18	Dalseth	Reinhart
19	Grebstad	Anton
20	NN	
21	NN	
22	NN	
23	Grebstad	Severin
24	NN	
25	Grebstad	Gunder

*** FOTOKORT ***

FAKf-0557.00004

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Skitur, gruppeU6, snø, vinter,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Aure
Adresse: Aure
Gnr.: 14.000

Datering: 1931-1931 CA
Format: 8.5 x13.5cm
Tilstand: Nokså bra, men
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Vinje, Elias
Informant: Espe, Kari

Kjøpmann f.1927
Pensjonist f.1919

På skitur - Aure-markene, om lag 1931. Thomas Vinje, Elias Vinje sr.,
Laura Vinje, Peter J. Andestad, Margit Reitehaug (butikkdame hos Vinje),
Inga Thoresen. (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0557.00005

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: PortrettU2, kvinner, sætertur, landskap,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Aure
Adresse: Aure
Gnr.: 14.000

Datering: 1931-1932
Format: 7.0 x11.0cm
Tilstand: Nokså bra, men knekk
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Vinje, Elias
Informant: Espe, Kari

Kjøpmann f.1927
Pensjonist f.1919

Bodil og Kari på sætertur. Bodil Grebstad (seinare gift Aure) og Kari Vinje (seinare gift Espe) på tur til Auresætra. Her tek dei ein pause på Kvilebrauta. Begge jentene, som er i 11-12 års-aldaren, har langt hår med fletter. Kari (f.1919), fortel at ho fekk ikkje lov av foreldra å klippe håret før ho var konfirmert. Årsaka var at prost Rude, som gjorde tjeneste både på Ørskog og i Sykkylven, budde hos Vinje når han var i bygda. Han meinte at jenter burde ha langt hår. (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0557.00006

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: GruppeU10, kvinner, menn, landskap,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse:
Gnr.:

Datering: 1930-1930
Format: 6.5 x11.0cm
Tilstand: Nokså bra, men
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Vinje, Elias
Informant: Espe, Kari

Kjøpmann f.1927
Pensjonist f.1919

Gode vener på tur. Framme: Elias Vinje sr., Laura Vinje, Karen Haugseth, Ole Haugseth. Bak: Sverre Grebstad, Anton Grebstad, Kristine Grebstad, Thea Grebstad, Arnesen, Sigrid Arnesen, Jorunn Arnesen (småjente, seinare gift Hoff). (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0557.00007

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Kyrkje, fredsgudsteneste, inventar,

Kommune: Sykkylven

Distrikt:

Adresse:

Gnr.:

Datering: 1945-1945

Format: 10.0x15.0cm

Tilstand: Bra, men

Klausul: Ingen

Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend

Eigar: Vinje, Elias

Informant: Espe, Kari

Kjøpmann

Pensjonist

f.1927

f.1919

Fredsgudsteneste. Etter freden 08. mai 1945 vart det halde takkegudstjeneste i kyrkja. Så mykje folk møtte fram at dei måtte inn med ekstra benker i midtgangen. (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0557.00008

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Butikkinteriør, varer, ekspeditør, kunder,,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Vinjehuset
Gnr.: 14.000

Datering: 1930-1930 CA
Format: 8.0 x14.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Vinje, Elias
Informant: Espe, Kari

Kjøpmann f.1927
Pensjonist f.1919

Frå butikken til Vinje. Elias Vinje var frå Stordalen, og dreiv butikk på Aure frå 1913. Frå 1920 hadde han butikk og hotellverksemd i eige hus. Bildet viser korleis butikken såg ut i 1930-åra. Bak disken: Elias Vinje, Langlo (butikkgut frå Stranda), Marie Vinje g. Overå, Johanne Grebstad g. Dalseth. Framfor disken: Ole Andreas Larsen Langlo frå Stranda (var gift og budde på Grebstad), Gunder Grebstad, Olina Leivdal. (Sjå EV-0). (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0557.00009

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Butikk, interiør, kjøpmann,

Kommune: Sykkylven
Distrikt:
Adresse: Vinjehuset
Gnr.: 14.000

Datering: 1927-1927 CA
Format: 7.0 x11.0cm
Tilstand: Bra, men
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Vinje, Elias
Informant: Espe, Kari

Kjøpmann f.1927
Pensjonist f.1919

Frå butikken til Vinje II, om lag 1927. Bak disken: Sverre Lyshol (butikkgut), t.h. Elias Vinje. Framfor disken: Truleg ein handelsreisande. Personen t.h. er ukjend. Sjå også førre nr. (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0557.00010

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Kronprinsbesøk, kai, folk, lagg,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Aure
Adresse: Aure
Gnr.: 14.000

Datering: -
Format: 7.0 x10.0cm
Tilstand: Bra, men knekkar
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Vinje, Elias
Informant: Espe, Kari

Kjøpmann f.1927
Pensjonist f.1919

Kronprinsen på Aure-kaia. Då krigen var slutt, gjorde Kronprinsen ein rundtur i landet. Her er han på Aure-kaia, saman med ordførar Johan Eidem. Frå Aure reiste Kronprinsen med fylgje i bil til Stranda. Fleire stadar på reiseruta var det reist æresportalar med grønt lauv og norske flagg, og mykje folk møtte fram. (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0557.00011

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Foreining, husmorlag, helselag,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Aure
Adresse: Aure
Gnr.: 14.000

Datering: 1940-1940
Format: 15.5x23.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Lyshol P.P.
Eigar: Vinje, Elias
Informant: Espe, Kari

Fotograf f.1914
Kjøpmann f.1927
Pensjonist f.1919

Sykkylven helselag, som hadde medlemmer frå Tynes til Aursneset.
1. rekke frå venstre: Lina Fauske, Berta Aure, Jenny Blindheim, Astrid Roald, Anna Tandstad, Jenny Vik, Tordis Ludvigsen, Anna Aure, Astrid Haugseth, Kristine Tronstad. 2. rekkje frå venstre. Aslaug Roald g. Blindheim, Jossa Lillevik (Josefine), fru Didriksen, fru Grebstad ?? (?? Bodil), Laura Vinje, Borghild Solnørdal, Dora Eidem, Guri Vik Velle, Signe Fredriksen, ?? Bakken, Johanne Aure, Anna Fauske. 3. rekkje frå venstre: Marie Åse, Tomasine Aure, fru ?? Moe, Jenny Tynes, Gudrun Lien, Anna Røyseth, Laura Aurdal, Johanne S. Aure, Lisa Myhre, Ovidia Overvold, Jensine Velle, Sigrun Haugseth, Jensine Hatlemark, Johanne Aas, Åsta Fredriksen, Jenny Hellesylt, Nina Grebstad. 4. rekkje frå venstre: Olivia Lyshol, Emma Hjelle, Borghild Strømme, Olga Aure, Jenny Lied, Klara Voldstad, Petra Haugset Strømme, Margrethe Haugseth Aure, Gudrun Roald f. Hjorthol, Inga Thoresen, Signe Rogne, Anna Bøen, kona til Jørn Severin ??, Beate Klokk, Lilla Aure Gjersdal, Klara Aurdal, Petra Tynes, Borghild Hjelle, Emma Aure (v.vindu.) (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

Fotokort frå FylkesFOTOarkivet i Møre & Romsdal, Aalesunds Museum - Utskrift Januar 2003

*** FOTOKORT ***

FAKf-0558.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Bygning, personar,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Aure
Adresse: Klokkarhaugen, Skottehuset
Gnr.: 14.000

Datering: 1921-1922
Format: 8.0 x13.0cm
Tilstand: Nokså bra
Klausul: Ingen
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Skotte, Reidar
Informant: Gardssoga for Sykkylven I

Pensjonist f.1925

Skottehuset på Klokkargarden, Aure. Huset vart oppsett i 1880-åra av Bastian Larsen Klokkehaug, som dreiv bakeri og handel. Seinare hadde både Peter Olaus Hjorthol og Peter Klock handel her. Marie Rasmusdotter Skottet frå Stordal kjøpte huset i 1906. Ho gifte seg fyrst med Nils Hanssen Muri frå Vallidal, men etter at ho hadde vorte enkje, gifte ho seg oppatt med Tore Olsen Kurset frå Vinje i Stordalen. Marie selde huset til brorsonen Edvard Skotte i 1935. Saman med sonen Gunnar bygde han på eit større tilbygg med verkstad og verkstadrom for ei sportsforretning, Skotte & Co. AS. Etter kvart gjekk Gunnar ut av den daglege leiinga, og ein yngre bror, Reidar vart med. Siste åra var Edvard Skotte åleine om forretningsdrifta. Forretninga vart lagd ned i 1967. Huset vart selt til Margrethe Utgård i 1990. Frå venstre: Olivia Skotte, på sykkel sonen Gunnar, Edvard Skotte, På trappa Tore Kurset og kona Marie. 1921-22. (Lokal registrering: Jon Hole 25.01.2002.)

Fotokort frå FylkesFOTOarkivet i Møre & Romsdal, Aalesunds Museum - Utskrift Januar 2003

*** FOTOKORT ***

FAKf-0559.00001

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Barn, losje,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Ramstaddal
Adresse:
Gnr.:

Datering: 1935-1935
Format: 6.0 x10.5cm
Tilstand: Bra
Klausul:
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Løset, Klara
Eigar: Melset, Margrete
Informant: Melset, Margrete

Bondekone f.1915
Bondekone f.1915

IOGT barnelosjen i Ramstaddal vart starta av Marte Klock før 1930 og held fram som leiar til krigen i 1940. Det var vanleg at alle borna frå 1. klasse til konfirmasjon var medlemmar. Da fekk dei som ville fortsette i vaksenlosjen. På bildet ser vi Marte Klock bak til venstre i bunad. (Lokal registrering: Terje Solevåg 06.02.2002.)

*** FOTOKORT ***

FAKf-0559.00002

Type: Positiv s/kv m. sølv

MOTIV: Born, søndagsskule, bedehus,

Kommune: Sykkylven
Distrikt: Ramstaddal
Adresse:
Gnr.:

Datering: 1930-1930
Format: 6.0 x10.5cm
Tilstand: Bra
Klausul:
Reg.: 21.01.2002 MHU



Fotograf: Ukjend
Eigar: Melset, Margrete
Informant: Melset, Margrete

Bondekone f.1915
Bondekone f.1915

Lederen for søndagsskulen var Inga Klokk. Ho var blind og måtte derfor ha med ein medhjelpar. Det var Ane Svindset. Inga Klokk nr. 3 f. v. i midtrekka og Ane Svindset på samme rekka til høgre. Seinare tok Kirsten Løset over som medhjelpar, og seinare også som leiar, Biletet er teke utanfor bedehuset i Ramstaddal. (Lokal registrering: Terje Solevåg 06.02.2002.)